

## **Styremøte i Voss idrottsråd 26.05.2015 Voss Gymnas.**

Til stades: Asle Bergstrøm, Nils Een, Ingvill Knapstad Bidne, Bent Kvamme, Gunn Marit Bergstrøm, Borghild Haugo Ure, Frode Rokne, Inge Arild Lirhus

Sakliste:

Referat frå styremøte 21/4-2015

Referat frå styremøte 11/5-2015

Konstituering av styre og fordeling av oppgåver.

Kulturplanen 2015-2025.

Prestegardslandet -reguleringsplan.

Bømoen- reguleringsplan.

Eldsjelprisen

Ymse

### **Referat frå styremøter 21/4 og 11/5 2015:**

Asle Bergstrøm refererte frå møta, samt at han presenterte ei samla oversikt over mottakarar av Edv.B.Hegboms Heiderspris.

### **Konstituering av styre og fordeling av oppgåver:**

Leiar: Asle Bergstrøm

Nestleiar: Nils Een

Kasserar: Frode Rokne

Skrivar: Bent Kvamme

Redaktør heimeside: Ingvill Knapstad Bidne

Styremedlemar: Ingvill Knapstad Bidne, Bent Kvamme, Borghild Haugo Ure, Einar Melve

Varamedlemar: Gunn Marit Bergstrøm, Frode Rokne

**Kulturplan:** Nils Een fylgjer opp vidare.

**Reguleringsplan Prestegardslandet:** Erik Blindheim har fylgt opp denne prosessen. Nils Een fullfører vidare.

**Reguleringsplan Bømoen:** Erik Blindheim har fylgt opp fram til no. Asle Bergstrøm fylgjer opp vidare.

**Eldsjelprisen:** Borghild Haugo Ure sit vidare i rådet.

**Ymse:**

- Innspel Inge Arild Lirhus: Dekket i idrettshallen er veldig dårleg. Er dette ei sak for idrettsrådet? Laga må i så måte koma med innspel. Kommunen har ikkje pengar.
- Asle Bergstrom har teke kontakt med Nils Helge Kvamme om å kunne få tildelt ein fast kontor plass til Voss idrottsråd. Idrottshuset kan vera eit alternativ der det eksisterer tre kontor plassar. Desse har vor tilknytt Voss IL, Fbk Voss og Fil Vossar. Fil Vossar sin plass er no ledig og Fbk Voss held til i idrettshallen.
- Innspel Inge Arild Lirhus: Korleis er kapasiteten angående tilgang til gymsalar no når byggjeprosessen på skulane er i full gang? Treningsforholda til idrettslaga kan verta ei utfordring. Plassforholda kan verta for knapt når innetreningane byrjar. Bør koma med eit innspel til kommunen.
- LAM – midlar 2015. Voss kommune har fått tildelt kr. 835 000 til barn og unge i aldersgruppa 6 – 19 år. Laga får fordelt ut frå antal medlemmer i denne aldersgruppa. Det er eit minimumsbeløp ved for få medlemmer. Dette skal fordelast når tal på medlemmer er klart. Frist 4. desember til NIF. Laga har frist i januar for å rapportere medlemstalet. Dette bør ein minne laga om. Kan idrettsrådet vera ei hjelpande hand her? Randi Knapstad har sagt seg villig til å ta fordelingsjobben. Asle Bergstrøm og Frode Rokne tek eit møte med henne omkring dette.
- Innspel Asle Bergstrøm: Hordaland idrettskrets skal ha møte om saker til NIF sitt ting 2015. Sakene som skal takast opp har i fylgje Asle liten interesse for idrettsrådet. Idrettsrådet sender difor ingen representantar til møtet.
- Skal idrettsrådet arrangere temadag til hausten/ tidleg vinter? Kva for tema kan ein presentere? Kven kan ein invitere for å trekkje tilhøyrarar? Dette vert tema på neste styremøte.
- Idrettsrådet ynskjer at varamedlemene møter på styremøta.

Neste styremøte er 15.06.15 kl. 20.00 på Voss gymnas rom 14.

Referent

Bent Kvammes